

NB! Dersom du har menstruasjonen, må du vente med prøven til blødinga er over.

Korleis ta klamydiaprøve frå skjeden:

1. Det er dette prøveutstyret du får tilsendt:




Transporthylse:



2. Stikk penselen 3-4 cm (ei halv fingerlengde) inn i skjeden.



3. Roter penselen i skjeden minst 3 gonger. Penselen skal roterast ganske fast mot skjedevæggen, men det skal ikkje gjere vondt.



4. Skru av korken på prøveglaset. Væska i glaset må ikkje renne ut. Set penselen heilt ned i botnen på prøveglaset. Bryt av skaftet og **skru korken godt fast**.



5. Set prøveglaset opp i transporthylsa og send prøven i posten same dag som han er teken.

